

## Administrere eksamen

Sist endret: 03.04.2018

 [Last ned som PDF](#)

 [Skriv ut](#)

### Viktige meldingar eksamen

### Førebud og ta eksamen

1. Planleggje
2. Gjennomføre
3. Følgje opp

## Planleggje



Kva er nytt ved eksamen i år?

## Endringar grunnskolen 2018

- [Nasjonale føringar for nettbaserte hjelpemiddel - grunnskolen](#)
- Samisk som førstespråk, nordsamisk: Frå og med eksamen 2018 vil førebuingssdelen i nordsamisk ikkje lenger ha innlesne lydfile. Nordsamisk vil, som engelsk og norsk, få tekst-til-tale som lesestøtte. Dersom skolen ønskjer å prøve dette, er tekst-til-tale tilgjengeleg på førebuingssmateriellet for 2017 óg. [Du finn det her](#).
- Samisk som andrespråk, nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk: Alle nivåa i samisk som andrespråk får førebuingssdelen tilgjengeleg i PAS som PDF-filer. Skolen vil óg få dette tilsendt på papir.


## Endringar vidaregåande 2018

- [Ope internett til eksamen for nokre fag](#)
- [Nasjonale føringar for nettbaserte hjelpemiddel - vidaregåande](#)
- [Læreplan i norsk for språklege minoritetar med kort butid i Noreg](#)
- Samisk som andrespråk: Nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk får førebuingssdelen tilgjengeleg i PAS som PDF-filer. Skolen vil óg få dette tilsendt på papir.
- I psykologi 2 og medie- og informasjonskunnskap 2 sender vi ikkje ut eksamensoppgåver på papir. Kandidatane finn oppgåva i PGS på eksamensdagen.



## Datoar for eksamenar grunnskolen

### Eksamensplanen for sentralt gitt skriftleg eksamen i grunnskolen 2019:

 [Eksamensplanen våren 2019](#)

 [Eksamensplanen våren 2019](#)

#### Offentleggjing av trekk

14. mai kl. 09:00

#### Førehandssensur i matematikk, engelsk og norsk

28. - 29. mai

#### Fellessensur

17. - 19. juni



## Datoar for eksamenar i vidaregåande

### Høsten 2018

Datoar for dei eksamenane som Utdanningsdirektoratet har ansvar for å lage:

 [Eksamensplanen høsten 2018](#)

 [Eksamensplanen høsten 2018](#)

Datoar for dei eksamenane som er lokalt gitt:

<http://www.vigoiks.no/eksamen/datoer-for-skriftlig-eksamen>

### Våren 2019

Datoar for dei eksamenane som Utdanningsdirektoratet har ansvar for å lage: **Oppdatert 21.09.2018**

 [Eksamensplanen våren 2019](#)

 [Eksamensplanen våren 2019](#)

Datoar for dei eksamenane som er lokalt gitt:

<http://www.vigoiks.no/eksamen/datoer-for-skriftlig-eksamen>

### Til kalender

[Kalender - eksamen og prøver](#)



## Trekking av eksamensfag

### Grunnskolen

Offentleggjing av trekk for eksamen våren 2019 er tysdag **14. mai klokka 09.00**.

På 10. trinn i grunnskolen skal elevane og dei vaksne deltakarane trekkjast ut til sentralt gitt skriftleg eksamen i eitt fag og éin lokalt gitt munnleg eksamen. Det er kommunen som trekkjer kven som skal opp i kva for eksamenar.

## Vidaregåande

Offentleggjing av trekk for eksamen

- hausten 2018: fredag **9. november klokka 09.00**
- våren 2019: onsdag **15. mai klokka 09.00**

Fylkeskommunen har ansvar for sjølve trekkinga på vidaregåande.

Om hausten er det berre eksamenar for elevar med rett til ny, utsett eller særskild eksamen og for privatistar.

[Rundskriv om trekkordning ved eksamen \(gjeld grunnskole og vidaregåande\)](#)

[Finn fagkoder](#)

## Munnleg eksamen

Dato for munnleg eksamen vert bestemt lokalt. I grunnskolen har kommunen ansvaret, og i vidaregåande opplæring har fylkeskommunen ansvaret.

[Les meir om reglar for munnleg eksamen](#)



## Påmelding av eksamenskandidatar

Skolen melder på kandidatar innan **1. mars** for våreksamen i grunnskolen og i vidaregåande. (Dette er fristen for skolane og privatistkontora. Fristen for å melde seg opp som privatist er gjerne ein månad før.)

For hausteksamen i vidaregåande er fristen **1. oktober**.

- [Meld på kandidatar i PAS - eksamen](#)

## Korleis melder eg på kandidatar?

Dersom du bruker eit skoleadministrativt system, kan du bruke det til påmeldinga som før. Dersom du ikkje får brukt dette, tek du kontakt med den som er ansvarleg for brukarstøtte for systemet ditt.

Du kan òg melde på kandidatar direkte ved å registrere dei i tenesta vår. Sjå korleis du gjer dette i filmen under.

**Hvordan legger jeg til kandidater?**  
from **Utdanningsdirektoratet**

Oslo kommune

Telefon 02 180

Epost postmottak@oslo.kommune.no

Etterpåmelding Fagkode FSP5020 er åpnet for etterpåmelding frem til 01.08.2015 11:54

Etterpåmelding Fagkode FSP5023 er åpnet for etterpåmelding frem til 01.08.2015 11:20

Søk i fagkoder og fagnavn

Vis kun fagkoder med påmeldinger

Fagkoder (15)

Fagkode	Fagnavn	Antall påmeldte
AKT3102	Aktivitetsfaget, skriftlig	44 kandidater
AKV3102	Arvkulturfaget, skriftlig	5 kandidater
BKF3102	Bokkerfaget, skriftlig	2 kandidater
ENG3002		13 kandidater
		17 kandidater

Hei. Nå skal jeg vise deg hvordan du legger inn kandidater til høsteksamen 2015

01:32

vimeo

## Hjelp til påmeldinga

### Kva gjer eg viss importen feilar?

Du vil få ei feilmelding som beskriv kva som gjekk gale, og om heile importen feila eller berre nokre kandidatar. Du kan registrere dei som feila, direkte i tenesta eller gjere heile importen på nytt.

### Kva gjer eg viss ikkje kandidaten har fødselsnummer?

Du kan òg bruke d-nummer eller duf-nummer ved kandidatpåmelding. Viss kandidaten ikkje har dette, kan du bruke eit fiktivt fødselsnummer generert i VIGO eller generere eit fiktivt fødselsnummer i PAS - eksamen.

## Etterpåmeldingar

Alle skolar skal melde på sine kandidatar før fristen 1. mars. Eventuelle etterpåmeldingar skal gjørast tenesteveg til skoleeigar. Dersom skolane melder på kandidatar etter fristen, må skolen sjølv syte for å laste ned oppgåvene frå Eksamensadministrasjonen.

### For kandidatar som er fritekne for vurdering med karakter i skriftleg sidemål

Kandidatar som er trekte ut i norsk og har fritak for vurdering i skriftleg sidemål, skal meldast på i **fagkoden**

**NOR1415.** Disse kandidatane skal skrive på hovudmålet sitt begge dagane, og oppgavesvara skal vurderast av dei same sensorane. Kandidatane får ein samla karakter.

## Matematikk omsett til samisk

Matematikkoppgåver omsette til nordsamisk kan bestillast i eksamensadministrasjonen. Gå til påmeldingsoversikta, finn det aktuelle faget og vel «Ekstra materiell».

## Eksamen i utlandet - vidaregåande opplæring

Det er mogleg å søkje om å få ta eksamen i utlandet. Det er Fylkesmannen i Vest-Agder som behandlar søknadane.

[Eksamen i utlandet - vidaregåande opplæring](#)

[Finn fagkodar](#)

## ▼ Foreslå fagpersonar som sensor

Rektor skal vurdere om tilsette på sin skule er egna som sensor, og foreslå dei i PAS-eksamen. Dette må gjerast før kvar eksamensperiode. Fylkesmannen oppnemner kun sensorar frå dei som er foreslått.

Frist for å foreslå fagpersonar er **1. mars for våreksamen og 1. oktober for hausteksamen.**

Når rektor foreslår ein sensor, er det ikkje mogleg å leggje til ei adresse. Sensoren registrerer adressa sjølv når han eller ho vert oppnemnd.

[Administrere eksamen i PAS - eksamen](#)

Sjå korleis du foreslår fagpersonar i filmen under:

**Hvordan foreslår jeg fagpersoner?**  
from **Utdanningsdirektoratet**

Legg til fagperson

**Finn bruker**  
Fagperson tilknyttet Læringsog vidaregående skole

Etternavn: Ibsen | Fornavn: |

Velg eksisterende bruker

Velg	Navn	Fødselsdato	Brukerrolle
<input type="radio"/>	Ibsen, Bjørnsjøene	01.01.79	Skoleadministrator Edvard Munch vidaregående skole



## Kandidatar med behov for særskild tilrettelegging

Nokre elevar treng å få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin. Eksempel kan vere lengre tid, kvilerom, få lese opp oppgåveteksten eller oppgåva på teiknspråk eller punktskrift.

### Korleis få tilrettelagd eksamen?

- Eleven eller foreldra må sende ein søknad til rektor.
- Rektor avgjer om og korleis forholda skal bli lagde til rette.

Elevar kan få tilrettelagd eksamen sjølv om dei ikkje har vedtak om spesialundervisning. Rektor kan vurdere om det er behov for ein uttale frå ein sakkunnig instans.

### Tilrettelegginga må ikkje gå ut over det som skal prøvast

Tiltaka må vere tilpassa den enkelte eleven og ha som formål å kompensere for problema eleven har. Tiltaka skal ikkje føre til at eleven får fordelar framfor andre elevar. Tilrettelegginga skal heller ikkje vere så omfattande at eleven ikkje vert prøvd i kompetansemåla i læreplanane.

### Endre eksamensform frå skriftleg til munnleg

Dersom det i kompetansemåla ikkje er krav til skriftlege, munnlege eller praktiske ferdigheiter som skal prøvast i eksamensforma for faget, kan rektor endre eksamensform ved særskild tilrettelegging av eksamen.

Særskild tilrettelegging av sentralt gitt skriftleg eksamen i matematikk, kjemi, fysikk, biologi og samfunnsøkonomi

Om særskild tilrettelegging av eksamen på lovdata.no

### Lyd på førebuing og eksamen i grunnskolen

- **Førebuingdelane har lesestøtte.** Norsk hovudmål og sidemål har innlesen tekst og syntetisk tale. Engelsk og norsk for elevar med samisk som førstespråk har berre syntetisk tale, og samisk har innlesen tekst. Ved syntetisk tale kan kandidaten sjølv velje å høyre på heile eller delar av teksten.
- **Eksamensoppgåvene i norsk, engelsk og matematikk** blir innlesne som lydfile. Lydfileane vil bli tilgjengelege i PAS kl. 0700 for alle skolar på eksamensdagen.

**Skolar må bestille i PAS lydfile i følgjande fag innan påmeldingsfristen 1. mars:**

<b>NOR0041</b>	<b>Norsk for elevar med samisk som førstespråk 10. årstrinn, skriftleg</b>
FIN0012	Finsk som andrespråk 10. årstrinn, skriftleg
SAS0012	Samisk som andrespråk, samisk 2, nordsamisk, 10. årstrinn, skriftleg
SAS0025	Samisk som andrespråk, samisk 2, sørsamisk, 10. årstrinn, skriftleg
SAS0038	Samisk som andrespråk, samisk 2, lulesamisk, 10. årstrinn, skriftleg
SFS0012	Samisk som førstespråk, nordsamisk 1, 10. årstrinn, skriftleg
SFS0025	Samisk som førstespråk, sørsamisk 1, 10. årstrinn, skriftleg
SFS0038	Samisk som førstespråk, lulesamisk 1, 10. årstrinn, skriftleg

## **Eksamensoppgåver og førebuing for blinde og svaksynte**

Ulike versjonar som kan bestillast:

- punktskrift på papir for blinde elevar (med unntak av matematikk)
- elektronisk versjon tilrettelagd for leselist for blinde elevar
- eksamensoppgåver med alternative oppgåver for konstruksjon/teikning i matematikk for blinde og sterkt svaksynte

Gå til påmeldingsoversikta, finn det aktuelle faget og vel «Ekstra materiell».

Frist for bestilling er **1. mars for våreksamen og 1. oktober for hausteksamen**

## **Eksamen for høyrselshemma**

Utdanningsdirektoratet trekkjer fag for høyrselshemma.



Trekkfag ligg i PAS - eksamen.

Faga er

- NOR0064 Norsk teiknspråk og NOR0052 Norsk for høyrselshemma
- ENG0025 Engelsk for høyrselshemma
- MAT0010 Matematikk

Dersom kandidaten vert trekt ut i NOR0064 Norsk teiknspråk, skal kandidaten òg trekkjast ut i NOR0052 Norsk for høyrselshemma.

Vert kandidaten trekt ut i MAT0010 Matematikk, må skolen bestille matematikkprøva tilpassa høyrselshemmede. Prøva kan bestillast i PAS - eksamen under valet «Tilleggsmateriell» i påmeldingsoversikta.



## IP-adresser og tekniske krav

### Tekniske krav

Følgjande nettlesarar vert støtta av eksamensgjennomføringssystemet PGS (**Oppdatert 9. november 2017**)

På PC:

- Internet Explorer 11
- Microsoft Edge Browser
- Firefox 50 eller nyare
- Chrome versjon 56 eller nyare
- Safari (Mac OS)

Skjermopløysinga skal vere sett til minimum 1024x768 for kandidatar og 1280x1024 for eksamensansvarlege.

På nettbrett:

- iOS versjon 11 eller nyare med Safari
- iOS versjon 11 eller nyare med Chrome
- iOS versjon 11 eller nyare med Firefox
- Android versjon 6.0.1 eller nyare med Chrome
- Android versjon 6.0.1 eller nyare med Firefox

## Mogleg problem ved nedlasting av filer

I nettlesaren Internet Explorer 11 kan det oppstå problem når du skal laste ned ei fil frå Internett.

Test av nedlasting av filer til eksamen - Internet Explorer 11

## PGS-A og Internett

PGS er nettbasert og krev derfor tilgang til Internett når kandidatene skal logge seg på PGS for å starte testen. Tilgang til Internett er og nødvendig når svara skal leverast.

Ved innlevering av eksamenssvar kan følgjande filtyper nyttast: avi, bmp, c, css, doc, docm, docx, dot, dotm, dotx, emf, flv, ggb, gif, h, hlp, htm, html, jpe, jpeg, jpg, js, mdb, mdi, mht, mm, mov, movie, mp3, mp4, mpeg, mpp, odb, odp, ods, odt, ott, pdf, png, ppsm, ppsx, ppt, pptm, pptx, qt, rap, rm, rtf, stw, svg, swf, sxc, sxw, tex, tif, tiff, tii, txt, vsd, wav, wks, wmf, wmv, wps, wri, xls, xlsb, xlsx, xml, xps

Følgjande format kan nyttast til pakking av filer: 7z, gz, rar, tar, z, zip, zipx

## PGS-A Gruppeopplasting av besvarelser

Om skolen skal bruke gruppeopplasting i pgsa, må svarfilene ha namn på følgjande format: Kandidatnummer-løpenummer.

Eksempel: ABC123-V-01.pdf (dersom ein kandidat har to filer skal den første fila ha løpenummer -01 og den andre -02).

## Språkfag som ikkje bruker latinsk alfabet

Vi gjer oppmerksom på at elevar som skal ta eksamen i språkfag som ikkje bruker latinsk alfabet, må ha tilpassa programvare dersom skolane ønskjer å levere IKT-baserte eksamenssvar. Dersom ikkje skolane har slik programvare, må svara leverast på papir.

Innlogging og brukerretleiingar til IKT-basert eksamen

## E-post frå PAS (oppdatert 9. november 2017)

Vi tilrår at skoleigar sørger for at e-post frå [no-reply@udir.no](mailto:no-reply@udir.no) kjem gjennom spamfilter. Då unngår de at e-post frå PAS ikkje kjem fram til mottakar, til dømes varsel til skoleadministrator.

ENDRET 23.03.2018

## IP-adresser til årets eksamenar (oppdatert 19. mars 2018, sjå punkt 10)

1. Tilgang for elevar til IKT-basert eksamen: <https://pgsa.udir.no> 195.254.217.217 port 80/443
2. IP-adresse for FEIDE-pålogging: <https://idp.feide.no/> 158.36.2.19 og 158.38.213.54 på port 443 (NB:

Desse adressane er korrekte, sjølv om du får feilmeldinga «Forbiddene»

3. ID-porten-pålogging <https://idporten.difi.no/> 146.192.252.60 på port 443

4. Pålogging under eksamen (og for eksamenssystemet ellers): <https://id.udir.no> 195.254.217.199 på port 443.

5. Tilgang for dei som skal bruke førebuingmateriell på nett: <https://pgsf.udir.no> 195.254.217.205 port 80/443

6. Eksamenssystemet <https://eksamen.udir.no> 195.254.217.198 port 80 og port 443 (**OPPDATERT 9. november 2017**)

7. <https://www.udir.no> 195.254.217.220 port 443

8. PAS og PGS bruker SSL-sertifikat. Klientane vil ved behov spørje utskrivaren av sertifikatet for såkalla OCSP eller CRL (Online Certificate Status Protocol/ Certificate Revocation List – dette er avhengig av nettversjon) for å verifisere at nettstaden sitt sertifikat er gyldig.

Verifisering skjer mot adresser i følgjande spenn:

- 91.209.196.0 - 91.209.196.255 (91.209.196.0/24)
- 91.199.212.0 - 91.199.212.255 (91.199.212.0/24)
- 178.255.80.0 - 178.255.87.255 (178.255.80.0/21)
- 149.5.128.0 - 149.5.128.255 (149.5.128.0/24)
- 104.16.63.69 (104.16.63.69/32)
- 104.16.64.69 (104.16.64.69/32)
- 104.16.65.69 (104.16.65.69/32)
- 104.16.66.69 (104.16.66.69/32)
- 104.16.67.69 (104.16.67.69/32)

Kommunikasjon skjer mot adresser i følgjande porter: 80 og 443

**Pgsa.udir.no + id.udir.no + pgsf.udir.no + udir.no: \*.udir.no + Idporten.difi.no**

Hostname	IP-adresse
OCSP.ComodoCA.com	178.255.83.1
OCSP.usertrust.com	178.255.83.1
CRL.ComodoCA.com	104.16.89.188
	104.16.92.188
	104.16.91.188
	104.16.93.188
	104.16.90.188

### Feide.no

Hostname	IP-adresse
ocsp.digicert.com	93.184.220.29
crl3.digicert.com	93.184.220.29
crl4.digicert.com	66.225.197.197

9. Bruk IP-adresse 158.36.153.137 for tilgang til IKT-baserte eksamenar i følgjande fag:

- NOR0064 Norsk teiknspråk
- MAT0010 Matematikk tilpasset for hørselshemmede
- NOR1033 Norsk teiknspråk
- VG3 FSP5101 Teiknspråk I
- FSP 5104 Teiknspråk II
- PSP5055 Teiknspråk I
- PSP 5057 Teiknspråk II
- PSP 5059 Teiknspråk III
- FSP 5107 Teiknspråk I +II

10. Gjeld kun våreksamen: Grunnskolar som ønskjer å bruke tekst til tale-programmet VoiceASP for å spele av lyd i førebuingdelane (PGSF), må åpne for IP-adressen:

- 176.22.243.54 - hostname \*.leseweb.dk



## Skriv ut innføringsark

Før eksamen startar, kan skolen skrive ut innføringsark til papirbaserte svar.

### Last ned innføringsark

- [Innføringsark – linjer \(pdf\)](#)
- [Innføringsark – ruter \(pdf\)](#)
- [Innføringsark – blankt \(pdf\)](#)

[Les meir om innføringsark og levering av eksamenssvar](#)

---

## Gjennomføre



## Førebuingdelar

**Førebuingdelen** til eksamen i dei faga som har førebuingssdel, ligg på nettet. Materiellet er på om lag ti sider.

- Rektor/skoleadministrator får tilgang til førebuingssdelen i PAS - eksamen kl. 07.00 samme dag som førebuingssdagen.
- Elevane og dei vaksne deltakarane har møteplikt på førebuingssdagen.
- Elevane og dei vaksne deltakarane får tilgang til førebuingssdelen kl. 09.00 på førebuingssdagen.
- På førebuingssdagen har dei som skal ta eksamen, rett på rettleiing.
- Lærarar får tilgang til førebuingssdelen samtidig med elevane og deltakarane. Læraren skal rettleie, ikkje undervise.

[Tilgang til førebuingssdelane for privatistar](#)

---



## Pålogging, brukarnamn og passord til eksamen

- [Ta eksamen](#)

Kandidatane kan anten bruke Feide eller brukernavn og passord dei får utdelte av skolen eller eksamenskontoret.

- [Administrere eksamen](#)

Logg deg på med ID-porten eller Feide. Ta kontakt med brukerstøtte for ID-porten eller Feide dersom du får problem med pålogginga.

### **Brukarnamn og passord til PAS - eksamen**

Treng du tilgang til PAS - eksamen, ta kontakt tenesteveg.

- Gruppeansvarleg kan berre logge på i PGSA for å observere kandidatar. Hvis brukaren skal gjere noko meir enn å observere kandidatar i PGS, treng ho eller han rolle som skoleadministrator.
- Fagpersonar får tilgang viss dei vert oppnemnde som sensor.

Finne eksamensmateriell, registrere gruppeansvarleg, skrive ut kandidatnummer og passord, samt lage dagspassord (film)

### **Pålogging med mobiltelefon**

Det er ikkje naudsynt å bruke mobiltelefon for å logge inn på ID-porten. Det finst fleire moglege alternativ, som for eksempel kodekort eller kodebrikke.

Kandidatane treng ikkje mobiltelefon for å logge seg på.

Nokre Feide-brukarar som skal administrere eksamen har no byrja å bruke pålogging med sms-verifisering. Dei kan logge seg på PAS - eksamen på same måten som dei er vande til.

Andre Feide-brukarar har ikkje byrja å bruke mobilpålogging med Feide enno. Når dei loggar på eksamenstenesta får dei tilsendt ein sms frå eksamenstenesta med ei verifiseringskode. Desse brukarane må ha registrert eit mobilnummer i PAS - eksamen for å kunne logge seg på med Feide.



## Eksamensoppgåvene

Alle skolar, uavhengig av om dei gjennomfører eksamen i PGS-eksamen eller på papir, får tilsendt

papirutgåver i nesten alle eksamenskodane dei har påmelde kandidatar i. Unntaket er psykologi 2 og medie- og informasjonskunnskap 2. I desse faga sender vi ikkje ut eksamensoppgåver på papir denne våren.

Kandidatane finn oppgåva i PGS på eksamensdagen.

Skolen får ekstra oppgåvesett rekna ut på bakgrunn av talet på påmelde kandidatar. Oppgåvene vert rekna som konfidensielt materiale fram til eksamensdagen.

Rutiner for å ta imot og oppbevare førebuingssdelar og eksamensoppgåver.

- Rektor eller eksamensansvarleg signerer og tek imot pakken.
- Den forsegla konvolutten må oppbevarast ubroten i ein låst safe.
- Om skolen skal leggje til rette for elevar med særskilde behov, kan forseglinga brytast av eksamensansvarleg 24 timar før eksamen eller førebuinga startar.



## Gjennomføring, identifisering av kandidatar og overvaking av eksamen

### Eksamenstid

Kandidatane får **fem klokke**timar til å svare på oppgåva. Nokre kandidatar kan ha rett til utvida tid. I signalmontørfaget (SIG3002) får kandidatane seks klokke

eksamen startar klokka 09:00 norsk tid. Kandidatar som kjem seinere enn klokka 10:00 får ikkje gjennomføre eksamen.

### Eksamen vert gjennomført slik

- **eksamenskandidaten** loggar seg på <https://pgsa.udir.no>, lastar ned eksamensoppgåva når eksamen startar, svarar på oppgåva og leverer
- **eksamensansvarleg** følgjer med på kandidatane i kandidatmonitoren under eksamen og passsar på at kandidatar som forlét lokalet utan å levere, vert blokkert fra å svare heimanfrå
- **sensor** finn eksamenssvaret i PAS - eksamen, køyrer plagiatkontroll om naudsynt, registrerer

## Identifisering

Skolen kan stadfeste identiteten til kandidaten på eksamensdagen på to måtar, nemleg ved å

1. skrive dagspassordet på kandidaten sin pc etter at kandidaten har logga inn
2. stadfeste i kandidatmonitoren etter at kandidaten har logga inn

Skolen må ha rutinar for å sikre at det er rette vedkomande som møter til og gjennomfører eksamen. Elever og kandidatar som ikke er kjende for skolen frå før, må legitimere seg før eksamen byrjar.

## Overvåking av eksamen

For å sikre at elevane ikkje kommuniserer under eksamen, eller at omsetjingsprogrammet ikke vert nytta, må skoleeigar vurdere korleis skolane skal overvake eksamensgjennomføringa etter regelverket.



## Hjelpemiddel

### Elevane må vite korleis dei skal bruke hjelpemiddel

Før elevane møter til eksamen må skolen sørge for at elevane kjenner til og er fortrulege med reglane for bruk av hjelpemiddel til eksamen. Det er viktig at skolen gir elevane god opplæring i bruk av kjelder, kjeldekritikk og kjeldetilvising.

### Bruk av nettbaserte hjelpemiddel

Skoleeigar skal tilby nettbaserte hjelpemiddel under modell 1 og modell 2, del 2. Nettbaserte hjelpemiddel vil seie førebuingssdelar, læringsressursar, oppslagsverk eller ordbøker.

Utdanningsdirektoratet har ikkje ansvar for kapasiteten til dei einskilde nettsidene med hjelpemiddel de opnar opp for under eksamen. Om ei nettside vert utilgjengeleg, vil dette ikkje bli rekna som ein formell feil. Vi vil difor tilrå at de opnar opp for fleire alternative nettstader med hjelpemiddel dersom det finst (for eksempel fleire ordbøker), slik at elevane har andre alternativ om ei nettside ikkje skulle fungere.

Det er ikke tillete å kommunisere med andre under eksamen. Det vil seie samskriving, chat eller andre måtar å utveksle informasjon på.



Omsetjingsprogram er heller ikkje tilletne i norsk, samisk, finsk som andrespråk, engelsk og framandspråk.

- [Nasjonale føringar for nettbaserte hjelpemiddel - grunnskolen](#)
- [Nasjonale føringar for nettbaserte hjelpemiddel - vidaregåande](#)

Fylkeskommunane har hatt eit landsdekkjande samarbeid om å lage eit felles tilbod av nettbaserte hjelpemiddel til skriftleg eksamen i vidaregåande opplæring.

- [Sjå lista over nettressursar hos Vigo IKS](#)

## Det finst tremodellarfor hjelpemiddel

### Modell 1 - Eksamen med hjelpemiddel (papir, nett og offline)

Alle hjelpemiddel er tilletne, bortsett fra ope internett og kommunikasjon. Sjå nasjonale føringar for nettbaserte hjelpemiddel.

I grunnskolen følgjer faga norsk, samisk, finsk og engelsk modell 1 for hjelpemiddelbruk. I vidaregåande gjeld dette alle faga bortsett frå faga som vert nemnde under modell 2 og 3.

### Modell 2 – Todelt eksamen

- **Del 1** – Skrivesaker, passar, linjal og vinkelmålar er tilletne.
- **Del 2** – Alle hjelpemiddel er tilletne, bortsett fra ope internett og kommunikasjon. Sjå nasjonale føringar for nettbaserte hjelpemiddel.

I grunnskolen følgjer matematikk modell 2 for hjelpemiddelbruk. I vidaregåande er det matematikk, fysikk 2, kjemi 2, biologi 2 og samfunnsøkonomi 2.

### Modell 3 – Eksamen med ope internett

Alle hjelpemiddel er tilletne, også ope internett. Ope internett gjeld for følgjande sju fag i vidaregåande skole:

- SAM3020 Politikk og menneskerettar
- SAM3009 Medie- og informasjonskunnskap 2
- SPR3008 Internasjonal engelsk
- SPR3010 Samfunnsfagleg engelsk
- SPR3015 Kommunikasjon og kultur 2
- SPR3017 Kommunikasjon og kultur 3
- SPR3020 Reiseliv og språk 2

Kommunikasjon er framleis ikke tillete og dei generelle reglane for eksamen gjeld. Verken skriftleg eller munnleg kommunikasjon er tillete, og i språkfag er det heller ikkje tillete med omsetjingsprogram. Å

publisere noko på internett vert rekna som kommunikasjon.

[Les meir om fusk og konsekvensar av dette](#)

## Førebuingdagen

Alle faga i grunnskolen har førebuingdag, unnateke matematikk. På førebuingssdagen er alle hjelpemiddel tilletne, inkludert bruk av Internett.

[Førebuingdelane](#)

## Ansvar for den praktiske gjennomføringa

Det er skoleeigar som har ansvaret for den praktiske gjennomføringa av eksamen.



## Brukarstøtte og hjelp

### Administrere eksamen

Filmar som viser korleis du kan

- [leggje til kandidatar \(film\)](#)
- [foreslå fagpersonar som sensor \(film\)](#)
- [finne eksamensmaterieill, registrere gruppeansvarleg, skrive ut kandidatnummer og passord, samt lage dagspassord \(film\)](#)

Brukarrettleingar for eksamensgjennomføring

- [Brukarrettleiing PGSA - Kandidatmonitor \(pdf\)](#)
- [Brukarrettleiing PGSA - Kandidat \(pdf\)](#)
- [Brukarrettleiing PGSA - Gruppeopplasting \(pdf\)](#)

### Brukarstøtte og feilmeldingar følgjer tenesteveg

Det er ikkje laga ei eiga brukarrettleiing til PAS- eksamen.



## Fusk og usjølvtendig bruk av kjelder

## Kva er fusk?

Det er fusk å kommunisere med andre. I tillegg er det fusk å bruke omsetjingsprogram i språkfag. I fag som har todelt eksamen er det fusk å bruke hjelpemiddel på del 1 av eksamen.

Det er viktig å vere merksam på at det kan vere ulike reglar for kva som er fusk på prøver undervegs i skoleåret, og kva som er fusk til eksamen.

## Kva er konsekvensane av fusk til eksamen?

Det er svært alvorleg å fuske til eksamen. Konsekvensane av fusk eller forsøk på fusk er at

- elevar og privatistar kan få eksamen i faget annullert
- eleven som får eksamen annullert, misser standpunktkarakteren i faget
- elevar i vidaregåande opplæring og privatistar kan tidlegast gå opp til ny eksamen eitt år etter

Det er viktig at skolane informerer elevane og at eksamenskontora informerer privatistane om konsekvensane av å fuske til eksamen.

## Usjølvtendig bruk av kjelder

Når alle hjelpemiddel er tilletne til eksamen, er det naturleg å bruke kjelder. Kjedene skal oppgjevast på ein etterretteleg måte. Når kandidaten brukar andre sine tekstar heilt eller delvis utan å oppgje kjelda, kan det vere vanskeleg å sjå den individuelle kompetansen til kandidaten. Dette kan føre til lågare måloppnåing.

---

## Følgje opp



Levering av eksamenssvar

**Svaret skal ikkje vere merka med namnet til kandidaten.**

Skolen må sjekke at det ikkje er mogleg å finne namnet til kandidaten i svaret. Dokumenteigenskapar vert synlege for sensorar i realfaga då desse oppgåvene ikkje vert konverterte til pdf-filer.

## **Viss kandidaten ikkje lastar opp svaret i PGS sjølv**

Det er tre alternative måtar skoleadministrator kan levere svaret på.

Skoleadministrator eller gruppeansvarleg kan:

1. ta imot fila og laste ho opp eller levere ho for kandidaten i kandidatmonitoren (mogleg til kl. 23.59 eksamendagen)
2. bruke gruppeopplastingsfunksjonen i PGS for å levere mange svar på ein gong (mogleg til kl. 23.59 eksamendagen)
3. skrive ut svaret og sende det til sensor med posten

## **Eksamen med todelte svar**

Det er viktig at sensorane får tilgang til både del 1 og 2 samtidig. Skolen skal anten levere begge delane i PGS eller sende det fullstendige svaret i posten.

- Skolen kan også laste opp del 1 for kandidaten, men late kandidaten laste opp del 2 sjølv:
- Skolen kan laste opp del 1 FØR kandidaten lastar opp del 2. Det skaper ikkje problem for kandidaten.
- Skolen kan laste opp del 1 ETTER at kandidaten har levert del 2. Men når kandidaten leverer vert svaret låst. Skolen må då opne for ny levering i PGS før det er mogleg å levere del 1 i kandidatmonitoren.
- Skolen kan laste opp del 1 og del 2 samla.
- Skolen kan bruke gruppeopplasting både før og etter kandidaten har levert, utan å måtte opne for ny levering.

## **Eksamen på papir**

- Eksamenssvar på papir skal anten være utskrifter frå PC eller svarark ført med blå eller svart penn.
- Arka må merkast med kandidatnummeret. Kandidatnummeret finst i PAS.
- Dersom oppgavesvar skal sendast med posten, må dei ha skolen sitt stempel.

Vi tilrår at de skannar og leverer papirbaserte svar i PGS. Dei skanna svara skal ikkje ha skolen sitt stempel. Digital levering gir betre tryggleik og sensorane får raskare tilgang til svara.

A4-ark passar betre inn i arkmatoren på skannarar enn ark som er falsa.

## Førebuing til skanning av eksamenssvar

For å forbetre sensureringsprosessen ønskjer vi at så mange papirsva som mogleg vert skanna og levert digitalt. Dette aukar tryggleiken og gir sensorane betre tid.

Her er nokre tips:

### Sjekk at svaret er tydeleg og kan lesast

Sva som er tydelege og kan lesast med god kontrast aukar sjansen for ein rettferdig sensur og sparar sensorane for mykje frustrasjon og meirarbeid.

### Skann til PDF

PDF-filer har god kvalitet, programvarestøtte og vert små filer som tek kortare tid å laste opp.

### Ordne svaret så det vert leseleg

Arka i svaret bør liggje i rett rekkjefølgje og vende rett veg. Her kan eksamensvaktene hjelpe ved innleveringa.

### Skann med fargar

I nokre fag kan bruk av fargar vere naudsynt for å levere eit fullgodt svar.

### Skann begge sider av arket

I nokre fag er oppgåvene lagt opp til at ein skal svare på begge sider av arket. Det er viktig at begge sidene vert skanna.

### Del 1 og del 2 kan skannast saman

Det er mogleg å skanne del 1 og del 2 for ein kandidat i same fil. Dette kan føre til at du sparar tid.

Eksempel på innføringsark

### Last ned innføringsark

- ◊ [Innføringsark – linjer \(pdf\)](#)
- ◊ [Innføringsark – ruter \(pdf\)](#)
- ◊ [Innføringsark – blankt \(pdf\)](#)

Viss det likevel ikkje let seg gjere å skanne oppgåva, må skolen sende eksamenssvara med ekspress over

natta eller som dør-til-dør-pakke som er framme dagen etter.

Eksamenssvar må ikkjesendast som vanlig post. Send svara til førstesensor, adressa finn de i eksamenstenesta.

PGS - eksamen

## **Sensur**

Ved sentralt gitt skriftleg eksamen skal kvart prøvesvar sensurerast av to sensorar. Fylkesmannen har ansvaret for å oppnemne sensorar.

### **Fellessensur grunnskole**

Møter for førehandssensur våren 2018

- 29. - 30. mai engelsk
- 30. og 31. mai matematikk
- 4.-5. juni norsk hovudmål og sidemål

Førehandsensuren for eksamen i dei andre faga vert bestemt av Utdanningsdirektoratet i samråd med dei aktuelle fylkesmennene.

Fylkesmannen har ansvar for fellessensur innanfor sine regionar, inkludert fastsetting av dato.

Fellessensuren skal gjennomførast i perioden **mandag 18. juni til onsdag 20. juni. 2018**. Eventuell fagdag skal leggjast før dette.

### **Fellessensur vidaregåande**

Fellessensur for eksamen i vidaregåande våren 2018 er **tysdag 19. og onsdag 20. juni 2018**. Då møtast sensorane for å fastsetje endelege eksamenskarakterar.

For informasjon til sensor, sjå [sensurere eksamen](#)

## **Klagebehandling grunnskolen**

### **Frist for skolen**

Når skolen får ein klage på skriftleg eksamen, skal skolen registrere klagen og sende eksamenssvaret til Fylkesmannen som har ansvar for klagebehandlinga. Klagen må vere den aktuelle Fylkesmannen i hende seinast fredag 29. juni 2018, for at resultatet skal kunne registrerast før opptak til vidaregåande opplæring. Klagebehandlinga vert gjennomført i veke 27 for alle fag. Vert klagen sendt etter fristen, må skolen eller privatistkontoret gi skriftleg grunngiving til den fylkesmannen som har ansvar for klagen i faget.

## Registrering og sending av klage

- Skolen registrerer alle klagane i PAS-eksamen
- IKT-baserte svar vert tilgjengelege for klagenemndene slik som ved primærsensuren.

### For svar på papir gjer ein følgjande:

- Når skolane sender inn svar på papir, skal originalsvaret sendast saman med en følgjesetel som vert skriven ut frå PAS-eksamen under "Kandidatstatus, karakter og klage". Skolen vert oppmoda til å ha ein kopi av svaret.
- Dokumenta må sendast som registrert post med sporing (t.d. «Ekspress over natta») til mottakaren. Merk konvolutten med: Klagebehandling

## Spesielt for norsk og matematikk

Skolane må sikre at elevane/vaksne er førte opp med rett målform (hovudmålet til eleven/vaksne) i PAS-eksamen før klagane vert sende inn. Vi oppmodar til skanning av del 1 på todelt eksamen i matematikk.

## Oversikt over kven som har ansvar for klagebehandling

Du finn oversikta i PAS-eksamen under menypanelet Klageansvar.

## Resultatet av klagebehandlinga

Papirsvaret skal sendast tilbake til skolane etter at klagebehandlinga er avslutta. Skolen finn klagenemnda si grunngjeving og endeleg karakter i PAS-eksamen. Karakteren og grunngivinga kan skrivast ut. Skolen må sørge for at klagaren får melding om resultatet av klagebehandlinga. Dersom den opphavlege karakteren vert endra, skal inntakskontoret hente resultatet av klagebehandlinga i PAS- eksamen.

## Har du spørsmål?

Spørsmål om klagebehandling skal rettast tenesteveg om kommunen til Fylkesmannen.

## Ordinære klagar

Når skolen får ein klage på skriftleg eksamen, skal skolen registrere klagen og sende eksamenssvaret til Fylkesmannen som har ansvar for klagebehandlinga.

Alle ordinære klagar må vere hos den Fylkesmannen som er ansvarleg for klagebehandlinga, innan **fredag 6. juli 2018**.

Det er viktig at fristen blir halden, slik at rettane til kandidatane blir sikra.

Alle klagar må vere ferdigbehandla innan **søndag 9. september 2018**.

Dersom klagen blir send etter fristen, må skolen eller privatistkontoret grunngi årsaka skriftleg til den Fylkesmannen som har ansvar for klagen i faget.

Ein må rekne med at klagar som kjem til fylkesmannskontoret etter 6. juli kan bli behandla i samband med klagebehandlinga etter hausteksamen 2018.

## Hurtigklagar

Kandidatar som ønskjer rask behandling av klagar i dei faga der det er mogleg, må rekne med å få ein forkorta klagefrist. Vi ber skolane spesielt informere kandidatane om dette.

For at klagane i desse faga skal kunne behandlast i samband med hurtigklagebehandlinga, må dei vere hos Fylkesmannen som er ansvarleg for klagebehandlinga, **senast kl. 12.00 tysdag 26. juni 2018**.

Hurtigklagebehandlinga skal gjennomførast i veke 26 for alle fag.

Klagar i følgjande fag frå studieførebuande utdanningsprogram og fellesfag våren 2018 kan behandlast som hurtigklage:

norsk, matematikk, fysikk, kjemi, biologi, teknologi og forskningslære, kommunikasjon og kultur, medie- og informasjonskunnskap, treningslære 2, engelsk, tysk, fransk, spansk, rettslære, samfunnsøkonomi, marknadsføring og leiing, entreprenørskap og bedriftsutvikling, sosialkunnskap, politikk og menneskerettar, informasjonsteknologi, økonomistyring, økonomi og leiing, historie og filosofi, reiseliv og språk, psykologi.

Hurtigklage føreset at Fylkesmannen har kvalifiserte sensorar til klagebehandlinga i faget. Kva for fag som har tilbod om hurtigklage, kan endre seg frå år til år.

## Registrering og sending av klage



- ◊ Skolen registrerer alle klagane i PAS-eksamen
- ◊ IKT-baserte svar blir tilgjengelege for klagenemndene som ved primærsensuren.

### **For svar skrevet på papir**

- Når skolane sender inn papirsvaer, skal originalsvaret sendast saman med ein følgjeseddel som blir skriven ut frå eksamenstenesta under "Kandidatstatus, karakter og klage". Skolen blir oppmoda om å ha ein kopi av svaret.
- Dokumenta må sendast som registrert post med sporing (t.d. «Ekspress over natta») til mottakaren. **Merk konvolutten med: Klagebehandling**

### **Spesielt for norsk og matematikk**

Skolane må sikre at elevane/privatistane er førte opp med rett målform (hovudmålet til eleven/privatisten) i PAS-eksamen før klagane blir sende inn.

Vi oppmodar til skanning av del 1 på todelt eksamen i matematikk.

### **Oversikt over kven som har ansvar for klagebehandlinga**

Oversikta finn ein i PAS-eksamen under menypanelet Klageansvar.

### **Resultatet av klagebehandlinga**

Papirsvaer skal sendast tilbake til skolane etter at klagebehandlinga er avslutta. Skolen finn klagenemnda si grunngeving og endeleg karakter i PAS-eksamen. Karakteren og fråsegna kan skrivast ut.

Skolen må syte for at klagaren får melding om resultatet av klagebehandlinga.

### **Nytt vitnemål etter klagebehandling**

I forskrift til opplæringslova § 5-3 Avgjerd i klagesaka heiter det mellom anna «Fører klagebehandlinga til endring av vitnemålet eller kompetansebeviset, skal det skrivast eit nytt, og tidlegare vitnemål/kompetansebevis skal leverast tilbake.» Endring etter klagebehandling gir rett til nytt førstegongsvitnemål.

Forskrifta § 3-43, andre ledd:

"Førstegongsvitnemål kan berre skrivast ut éin gong til den personen det gjeld. Dette gjeld likevel ikkje dersom vedkommande får endra karakter(ar) på grunnlag av klage."

### **Spørsmål?**

Spørsmål til denne informasjonen skal rettast tenesteveg via fylkeskommunen til Fylkesmannen.



## Tilgang til eksamenssvara

Skolen har ansvar for å hente ut eksamenssvara til elevane i PGSA.

Svara frå inneverande eksamensperiode er tilgjengelege i PGSA fram til dagen før første eksamensdag i neste eksamensperiode.

---